



Det psykologiske fakultet

Referanse

2014/2436-ØYSLA

Dato

11.03.2014

## Utdanningsmelding 2013 IPED

I sin bestilling av utdanningsmelding ber det Det psykologiske fakultet Institutt for pedagogikk (IPED) om svar på nokon spesifikke spørsmål/punkt:

### **Oppfølging av prioriteringar omtalt i utdanningsmeldinga for 2012 og prioriterte områder for 2013**

Instituttet prioriterer vidare arbeidet med å auke opptakstalet på eittårig PPU, mellom anna ved å arbeide for ein deltidsmoell og rekruttere bachelor-/masterstudentar ved DPF til å ta PPU (psykologididaktikk). I tillegg vil arbeidet bli intensivert i høve utvikling av årseining i pedagogikk for å auke kvaliteten på bachelorprogrammet i pedagogikk og for å auke studenttalet i høve målalet. Det vil også bli eit sterkare fokus på Rektorskulen som ein del av mastergradstilbodet i pedagogikk, samt rettleiing, digital læring og vurdering vert vurdert som nye «spor» innan dette mastergradstilbodet.

### **Eksempel på et studiekvalitets- eller læringsmiljøtiltak instituttet har hatt oppmerksomhet på i 2013**

Instituttet har heilt sidan 2008 hatt fokus på implementering av kvalifikasjonsrammeverket, så også i 2013. Og i 2013 arrangerte IPED Undervisingsdag blant anna med fokus på korleis ein kan auke studiekvaliteten for studentane, samt døme på studentaktive læringsformer i undervisningssamanheng. IPED har også i 2013 hatt fleire PEK-prosjekt som har sett fokus på mellom anna digital læring, partnerskapsmodell og studiekvalitet.

### **Oppfølging frafall**

Minke fråfall på bachelorprogrammet i pedagogikk ved å etablere årseining i pedagogikk og styrke nokre av modulane med omsyn til fokus på pedagogikk for å auke studenttalet i høve målalet. Både evalueringar frå studentar og diskusjonar i fagmiljøet konkluderer med at dette er naudsynt. Instituttet ønskjer også å halde fram med moglegheita for suppleringsopptak her.

Dette er eit UiB-internt notat som blir godkjent elektronisk i ePhorte

Institutt for pedagogikk  
Telefon  
Telefaks

Postadresse

Besøksadresse  
Christiesgate 13  
Bergen

Sakshandsamar  
Øystein Steine Larsen  
55584833

### **Eksempel på studiekvalitets- læringsmiljøtiltak/område instituttet har vært særlig fornøyd med inneværende år**

Universitetspedagogikkens modul «Hot moments» har fått ein del positiv tilbakemeldingar i 2013, samt PED112 (bachelor i pedagogikk) har fått heile 100 studentar på grunn av at studentane synes dette emnet er interessant og godt.

### **Planer for oppretting/nedlegging av studietilbod**

Som nemnt arbeidar ein med oppretting av nye «spor» på masternivå innan skuleleiing, vurdering, rettleiing og digital læring - som modular på eksisterande mastergrad i pedagogikk og/eller som sjølvstendig deltidsprogram. Moglegheita for slik implementering gjeld også for eksisterande modular ved rettleiar- og mentorstudiet. Dette er også nedfelt i førre utdanningsmelding for 2011 og 2012.

Det blir også arbeidd vidare med å greie ut moglege fagdidaktikktilbod i idrett/kroppsøving med omsyn til å auke studenttalet ved PPU, då vi i dag må takke nei til alle studentar som har praktisk-estetiske fag i kombinasjon med teorifag.

Når det gjeld universitetspedagogikken føregår det eit arbeid med omsyn til utviding av nedslagsfeltet for dei universitetspedagogiske kursa. Planen er å etablere tilbod til universitetsstipendiatar og postdoc, samt etter- og vidareutdanningstilbod for tilsette som tidlegare har tatt kurs i universitetspedagogikk.

Venleg helsing

Rune Krumsvik  
instituttleiar

Øystein Steine Larsen  
administrasjonssjef